



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Fedjekyrkja

## MØTEBOK

### FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark og Stein Hugo Fykse.

Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen og Stine Waage.

Varmedlemmer: Monica Thomassen Waage og Hilde Koppen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen og Laila Byrkjeland Husa.

Kommunal representant: *ikkje møtt.*

Frå kyrkjekontoret: *ikkje møtt.*

Saksoversikt: F 15/23 – 16/23

F 15/23	<b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 05.09.2023</b>
<b>Vedlegg</b>	Møteboka frå 05.09.2023 Innkallinga til møtet 24.10.2023
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

F 16/23	<b>ORIENTERINGAR</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kontorflyttinga</li></ul>

## MØTEBOK

### SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark og Stein Hugo Fykse.



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen og Stine Waage.

Varamedlemmer: Monica Thomassen Waage og Hilde Koppen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen og Laila Byrkjeland Husa.

Frå kyrkjekontoret: *ikkje møtt*.

Saksoversikt: S 13/23 – S 21/23

S 13/23	<b>GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 09.05.2023</b>
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 05.09.2023 Innkallinga til møtet 24.10.2023
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

S 14/23	<b>ORIENTERING</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Velkommen til det nye soknerådet – tilbakeblikk på perioden som har vore (v/Anna Marit)</li><li>• Informasjon om soknerådskursa for nye sokneråd.</li></ul>

S 15/23	<b>KONSTITUERING AV NYTT SOKNERÅD – VAL AV LEIAR</b>
	<u>Bakgrunn:</u> Ifølgje forskrift om «formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet» § 1, skal det nyvalde soknerådet konstituera seg innan utgangen av oktober det året som rådet er velt inn. Sidan soknerådet på Fedje også er fellesråd, vert val av leiar og nestleiar slått saman. Leiarvalet gjeld for 1 år om gangen. Ifølgje forskrifta skal valet vera skriftleg.
<b>Vedtak:</b>	<b>Leiar: Tone Sævi – einstemmig vedteke.</b> <i>Nytt val av leiar om 1 år.</i>

S 16/23	<b>KONSTITUERING AV NYTT SOKNERÅD – VAL AV NESTLEIAR</b>
	(Sjå førre sak)
<b>Vedtak:</b>	<b>Nestleiar: Odd-Arild Torstensen – einstemmig vedteke.</b>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 17/23	<b>ARBEIDSUTVAL - OPPNEMNING</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u></p> <p>Fedje Sokn har heile den siste 4 års perioden hatt eit arbeidsutval. Ifølgje den samme forskrifta for soknerådet og fellesrådet si verksemd § 8, står soknerådet fritt til å oppnemna så mange utval ein ønskjer. At ein har hatt eit arbeidsutval (AU) har for soknerådet på Fedje vore noko ein har hatt praktisk nytte av. Arbeidsutvalet på Fedje har bestått av leiar, nestleiar, prest, sekretær og kyrkjevevja. Vi har velt å inkludera sekretær i AU, sidan ho er så pass sentralt inne i den samla drifta av kyrkjekontoret på Fedje.</p> <p>Å ha eit operativt AU fører til at kontakten mellom soknerådet og administrasjonen vert meir smidig og hyppigare. Det er langt lettare for administrasjonen å lodda stemninga til soknerådet, før saker vert førebudd for rådet. AU har også stor innverknad på kva for saker som vert tatt opp på møta. Gjennom AU drøftar ein igjennom kva for saker det er behov for å fremja for soknerådet.</p> <p>Ei ulempe kan vera at når «nokon har snakka saman» på førehand, så kan det resterande soknerådet kunna få ei kjensle av at nokre saker er ferdig forhandla før dei kjem i det samla soknerådet.</p> <p>Lønsplassering av medarbeidarane bør ikkje vera ei sak for soknerådet. Dette er forhold som vert regulert via tariffavtalar og drøftingar mellom arbeidsgjevar og den enkelte tilsette. Det kan likevel vera eit poeng at AU får fullmakt til å bestemma slike spørsmål. For Fedje sokn sin del kan det vera ein fordel at vi har eit organ å forankra slike beslutningar i, sidan soknet er avhengige av å behalda dyktige medarbeidarar og er sårbar for utskiftningar i staben. I praksis har dette betydd avlønning som er litt høgare enn minstenivået i tariffen.</p> <p>Dette er vurderingar vi har gjort i inneverande periode og har til no blitt forankra i dialog mellom soknerådsleiar og kyrkjevevja – og den tilsette. Det er ønskjeleg at slike spørsmål kan forankrast i eit AU. Dermed får ein ei ordning som sikrar endå større openheit som gjeld disponeringa av soknet sin økonomi.</p> <p>Som ein konklusjon er tilrådinga at det er ønskjeleg at Fedje sokneråd den komande 4 års perioden har eit AU, som består av leiar, nestleiar, prest, kyrkjevevja og sekretær.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> <p><i>Fedje sokneråd held fram med ordninga med å ha eit arbeidsutval, beståande av leiar, nestleiar, prest, kyrkjevevja og sekretær.</i></p> <p><i>AU skal kunna drøfta aktuelle saker til soknerådet og skal som hovudregel samlast om lag 14 dagar før kvart soknerådsmøte. AU kan elles samlast på kort varsel ved behov.</i></p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><i>Fedje sokneråd gjev arbeidsutvalet fullmakt til å avgjera enkelte personalspørsmål, til dømes lønsplassering. Arbeidsutvalet får ikkje fullmakt til å tilsetja medarbeidarar. Alle tilsetjingssaker skal behandlast av soknerådet.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Fedje sokneråd held fram med ordninga med å ha eit arbeidsutval, bestående av leiar, nestleiar, prest, kyrkjeverje og sekretær.</b></p> <p><u>Soknerådet ønskjer opning for å invitere inn andre i AU ved behov.</u></p> <p><b>AU skal kunna drøfta aktuelle saker til soknerådet og skal som hovudregel samlast om lag 14 dagar før kvart soknerådsmøte. AU kan elles samlast på kort varsel ved behov.</b></p> <p><b>Fedje sokneråd gjev arbeidsutvalet fullmakt til å avgjera enkelte personalspørsmål, til dømes lønsplassering. Arbeidsutvalet får ikkje fullmakt til å tilsetja medarbeidarar. Alle tilsetjingssaker skal behandlast av soknerådet.</b></p>

<b>S 18/23</b>	<p><b>ADMINISTRASJONSUTVAL</b></p> <p><u>Bakgrunn:</u> Fedje Sokn har ikkje hatt administrasjonsutval. Dette er eit partssamansett utval, som består av arbeidsgjevar (vanlegvis kyrkjeverje og eitt medlem av soknerådet/fellesrådet, samt representant for arbeidstakar). I følgje hovudavtalen § 10, skal ein i alle fellesråd ha eit administrasjonsutval eller partssamansett utval. Likevel er står det i «Kirkeordning for Den norske kirke» § 41 første ledd, at eit administrasjonsutval kan «erstattes med andre ordninger», så sant partane er enige om dette.</p> <p>Administrasjonsutvalet behandlar saker som gjeld verksemda sin personalpolitikk, personalpolitiske retningslinjer, rutiner, reglement og tilsetjingar til dømes. Personalsaker elles vert ikkje behandla av administrasjonsutvalet.</p> <p>Vurderingar vi har hatt til no, er at Fedje Sokn er for lite til at vi har behov for eit administrasjonsutval. Så lenge regelverket opnar for det, bør det etter kyrkjeverja sitt syn vera tilstrekkeleg at slike spørsmål som naturleg fell inn under eit administrasjonsutval, kan førebuaast i eit AU og behandlast i soknerådet.</p> <p>Det er også naturleg at alle tilsetjingssakene vert avgjort av eit samla sokneråd.</p>
----------------	--



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd gjev Arbeidsutvalet fullmakt til å førebu saker som naturleg høyrer heime under eit administrasjonsutval.</i></p> <p><i>Alle tilsetjingssaker skal behandlast i soknerådet.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Fedje sokneråd gjev Arbeidsutvalet fullmakt til å førebu saker som naturleg høyrer heime under eit administrasjonsutval.</b></p> <p><b>Alle tilsetjingssaker skal behandlast i soknerådet.</b></p>

<b>S 19/23</b>	<p><b>MØTEGODTGJERSLE</b></p> <p><u>Bakgrunn:</u> Det har vore tradisjon på Fedje at det har blitt betalt møtegodtgjersle for å stilla på soknerådsmøta. Gjeldande satsar er ei godtgjersle på kr. 500,- pr. møte. Leiar får utbetalt kr. 6.000,- i ei årleg godtgjering. Satsane har ikkje vore regulerte denne perioden.</p> <p>Om ein skal samanlikna seg med kommunen, vert det her til dømes betalt ei godtgjering på kr. 1.000,- pr. møte i kommunestyret.</p> <p>AU ønskjer at soknerådet skal føreta ei generell drøfting av desse satsane. Skal ein halda fram med uendra satsar? Skal ein leggja seg på dei kommunale satsane? Skal ein gjera endring i godtgjeringa til leiar? Eller skal oppmøte i soknerådet bli sett på som ein «dugnad» utan godtgjering?</p> <p>Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.</p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Årleg godtgjering til leiar: auka til kr. 8 000,-.</b></p> <p><b>Møtegodtgjersle: følge kommunal sats, som for tida er kr. 1 000,- pr. oppmøte.</b></p>

<b>S 20/23</b>	<p><b>MØTEPLAN</b></p> <p>Soknerådet bør minst ha 1 møte før jul. Viktigaste sak vert då ei handsaming av budsjettet.</p> <p>Møtetidspunkta framover vert sett opp i møtet.</p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>For å finne gode møtedatoer ber soknerådet kyrkjelydssekretær om å ta kontakt med medlem som jobbar turnus.</b></p>

<b>S 21/23</b>	<p><b>EVENTUELT</b></p> <p>Feiekostane ønskjer å kunne øve i kyrkja mandag 11. desember frå kl. 18 til kl. 21.</p> <p><b>Sekretær ber Kåre/Tone om å ta ansvar for varme, både på og av.</b></p>
----------------	--